# Sunnhordland fylke

av

# D. N. T.

GJENNOM 40 ÅR

1917 — 1957

**Omvikdalen avholdslag** valde sitt første styre 30. jan. 1910. Peder Guddal, formann, Johs. T. Sandvik, varaf., Lars Omvik, kassastyrar, smed Hannisdal, Johs. Ripel, Kari Sandvik og Margreta Sandvik. Lagslemer 77.

På årsmøte 17. mars 1917 vart desse valde : Johs. T. Sandvik, form. Lars Sandvik, varaf. Lars Omvik, kassastyrar, Lars Ripel, Marianne Guddal, Kristianna Møklebust. Lagslemer 88.

Årsmøte 10. febr. 1957 : Jens Mads Hjelmeland, form. lærar T. Naterstad, lærarinna Anna Syse og Marie Hjelmeland. Frå før står : Kristen Feet og Lars O. Hjelmeland.

**Uskedal fråhaldslag.** «I april 1885 holdtes et Totalafholdsmøde i Uskedalen skolehus ved hr. Afholdsagent Christoffersen. Kun få var tilstede, men man enedes om at stifte en Totalforening, og der blev på stedet indmeldt 15 medlemmer. Som bestyrelse valgtes : Lærer J. Thunold, formand ved 7 st. Thormod A. Myklebust 7 st. Peder B. Myklebust 7 st. Helge J. Fedt 7 st., Ola A. Fedt 5 st. Supleanter : Samson A. Eik 5 st. Knut Myklebust 2 st.

Til forskjellige tider i året 1885 og 1886 blev avholdssagen fremholdt efter oppbyggelsesmøder i skolehuset af foreningens formand. I et hvert møde blev enkelte nye medlemmer indtegnet. Ligeså blev enkelte tegnet udenfor møderne. Den 5/12 1886 blev også den sag omtalt i skolehuset og medlemmernes antal vogsede den dag til 50. I dette møde blev foretaget innsamling til sagens fremme og kr. 2,92 indkom.

I 1887 var der holdt et møde på Nedre Fedt hvor Andreas Lavik holdt et varmhjertet foredrag om alkoholens skadelige virkninger på menneskeslekten. Over 90 mennesker var tilstede.

I 1888 møtte foreningens formand som deputert til totalavholds generalforsamlingen i Bergen. Der var en livlig diskusjon og mange spørsmål behandledes. Her avholdsagent Ragnvald Sæve holdt foredrag i skolehuset 31. mars og 1ste april om de berusende drikkes skadelige bestanddele og dets følger på menneskeslekten. Som depu-

tert til kretsmødet i Norheimsund valgtes foreningens kasserer Kristen Pedersen Møklebust som også fremmøtte. I 1893 holdt foreningen 1 totalmøde med foredrag om børneopdragelsen av A. Lavik og 1 Totalforedrag av frk. Edland og formannen.

Som talere i årene fremover var 1894 lærer T. Raugstad, 1895 kandidat N. Møllerup. 3die og 4de Pintsedag holdt Lydia Amundsen 2 meget godt besøkte møder i Uskedalens skolehus. Foredragene var serdeles klare og efterlod sig et dypt indtrykk på forsamlingen. 1896 holdt kredsagent A. Vaksdal 2 godt besøkte møder. Den 4. april holdtes møde for å velge deputerte til kredsmødet i Bergen. Valget blev Hartvig Myklebust og til supleant Tor S. Myklebust. 1898 holdt Bård Koltveit 2 møder. 1. søndagen på Haugland kl. 12 og i Uskedalens bedehus kl. 7 aften. Til deputerte til kredsmødet i Østensjø valgtes Anna O. Fedt og Anna O. Myklebust som begge møtte. Til Generalforsamlingen i Bergen valgtes J. Thunold og Bertel B. Myklebust.»

Lærar Jørgen Thunold stod som formann frå laget var skipa og til han døydde 1927 den 29/10, tilsaman i 42 år. Neste formann vart då lærar J. Omvik til 1934 i 7 år. Ivar Arnesen til 1938 tilsaman 4 år A. T. Myklebust frå 1938 til 1943 tilsaman 5 år. Lærar J. Omvik frå 1943 til 1944 2 år. Peder Kjærland 1944. Olav A. Myklebust form. 1945. Mons Raudstein 1946 til 1948. A. T. Myklebust til 1950. Agnes Raudstein til 1953. Leif Haugland som no står.

Her har årvisst vore halde joletrefest kvar annandag jol med stor tilslutnad. Laget er framleides aktiv.

**Lyngstrand fråhaldslag** vart skipa 3/1 1907 av Bård Koltveit. Første styret : Andreas Svoldal, formann, Lars Varanes, varafor., Tørres Svoldal skrivar. Elles i styret: Ingeborg Skortveit og Knut Årsnes. Dei som står i styret i 1957 : Harald Svoldal, form., Jørgen Ramsgrø, varafor., Sylvia Svoldal, skrivar. Dei andre i styret : Herborg Varanes, Gunnar Toskedal. Medlemstalet er no 28.

Barnelaget «Vårvon» vart skipa 13/3 1927. Styre :

## Fylkesmøte i Etne 21. og 22. mai 1949.

Møtestad : Ungdomshuset. M. Helleland helsa vel møtt, og formannen, Olav Lauvås, heldt opningstala og leida møtet vidare. Årsmeldingi synte at 15 lag var i arbeid med eit medlemstal på 761. Lærar Svoldal tala om arbeidet i barnelagi. Ferdatalarar : Riksinstruktør Olav Havro, fru Vestheim og H. Nesheim.

Ved vali sa prost Lauvås frå seg formannsromet etter å ha vore i styret i 12 år derav 10 år som formann. Ny formann vart Olav Havro. Dei hine : sokneprest Jørgen Huseklepp (varaf.), B. Kvamme (skrivar og kassastyrar). Arnfinn Matre og Nils Lyngnes.

Barneråd : Lærar A. L. Ånderå (form.), G. Svoldal (skrivar).

Ungdoms- og studieråd : attval. Ettersynsmenn : Jone Landa, Johs. Osnes. Utsending til landsmøtet : Kristofer Sydnes.

Etne fråhaldslag vart oppattnya med 150 medlemer, det var høgdepunktet under møtet.

Ferdatalar fru Vestrheim var festtalar om kvelden. Hr. og fru Lien song. Per Bjelland fortalde og Sydnes las eigne dikt. Jørgen Huseklepp slutta av.

Det var gudsteneste ved Lauvås og Huseklepp. Talarar på folkemøtet sundag ettermiddag var Kristofer Sydnes og Jørgen Huseklepp.

Den nyvalde formannen bar fram si hjartans takk til Olav Lauvås for det store arbeid han hadde lagt ned i fylke si tenesta.

## Fylkesmøte i Uskedalen 3. og 4. juni 1950.

Møtestad : Ungdomshuset. T. Naterstad baud velkomen. A. T. Myklebust opna med andakt. Ordstyrar : Olav Havro. 18 utsendingar møtte. Minnetale over Arne Kvam ved ordstyraren. Årsmelding og reknskap godkjende.

Styreval : Attval av formann og varafor. Nils Lyngnes (skrivar), og Arnfinn Matre. B. Kvamme sa frå seg



Olav Havro

attval, sameleis Gustav Svoldal. A. T. Myklebust vart vald i Kvamme sin stad.

Barneråd : A. Ånderå og lærar M. Natås.

Studieråd : Lærar T. Naterstad og skulestyrar Ragnvald Guddal.

Ettersynsmenn : Johne Landa, M. O. Enes.

Om kvelden mangment fest der Jørgen Huseklepp var festtalar. Mykje musikk og song.

Sundag gudstenesta i kyrkjene med offer. Folkemøte om ettermiddagen med talar av fru Vestrheim og Olav Havro. Det vart skipa arbeidsutval : Formannen, skrivaren og form. i barnerådet. Då Nils Lyngnes reiste frå Halsnøy, vart G. Svoldal skrivar og kassastyrar.

**Fylkesmøte i Førde 26. og 27. mai 1951.**

Møtestad : Myklatun. Møtevert : B. Kvamme. Møtestyrar : Olav Havro.

Melding og reknskap godkjende. Fru Vestrheim hadde reist som ferdatalar, sameleis Gurid Litlabø. Formannen lova å ta ei film-ferd.

Styreval : Olav Havro, form. J. Huseklepp, varaform. G. Svoldal, skrivar og kassastyrar. Elles : Johne Landa